

Referat

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Torsdag 17.09.2020
Tid: Kl. 18.30
Ord for dagen: Wenche

Faste medlemmer som har møtt:

| Namn | Funksjon |
|-------------------------|-----------------|
| Sigrid Marie Fangel | leiar |
| Wenche Andersen Helland | nestleiar |
| Svein Lunde | skrivar |
| Tom Rydland | medlem |
| Anne Marie Røed | medlem |
| Herman Inge Aadland | medlem |
| Aase Rygg H. Nøttveit | medlem |
| Roald Drønen | sokneprest |

Jan Overweg Kyrkjeverje

Forfall faste medlemmer:

| Namn | Funksjon |
|---------------------|-----------------------|
| Håkon Rydland Sæbø | medlem |
| Sigurd Andre Maraas | kommunal representant |

Varamedlemmer som møtte:

| Namn | Funksjon |
|------------------|--------------------------------|
| Jo Kjetil Strand | Vara for kommunal representant |

Varamedlemmer som ikke møtte:

| Namn | Funksjon |
|-----------------------|-----------------------|
| Jostein Skram | 1. varamedlem |
| Karin Marie Korsvik | 2. varamedlem |
| Magnor Tverderøy | 3. varamedlem |
| Hilda Gloppen | 4. varamedlem |
| Jan Ottar Wiik | 5. varamedlem |
| Svein Arne Theodorsen | Vara for soknepresten |

Sakliste:

| SAK | ARKIVKODE | TITTEL | KOMM | REPR |
|---------|-----------|--|------|------|
| 2020/34 | 012.1 | Godkjenning av innkalling og sakliste | x | |
| 2020/35 | 012.1 | Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 20.02.2020 | x | |
| 2020/36 | 212 | Tilsetjing av kyrkjegardsarbeidar / vaktmeister U.OFF | x | |
| 2020/37 | | HC-parkering ved kyrkjegardshuset | x | |
| 2020/38 | | Rekneskapsrapport 2. tertial 2020 | x | |
| 2020/39 | | Forslag kandidater til Frivilligprisen Sunnhordland prosti | | |
| 2020/40 | | Mandat undervisningsutval | | |
| 2020/41 | | Ope kyrkje Allehelgen | | |
| 2020/42 | | Julekonsertar 2020 | | |
| 2020/43 | | Gudstenester jula 2020 | | |
| 2020/44 | | Meldingssaker | | |
| 2020/45 | | Open post | | |

Sak 2020/34 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste**Framlegg til vedtak:**

Innkalling og saklister godkjent.

Vedtak: Som innstilling men soknerådet ber om at 2. vara vert kalla inn til møta fast.

Sak 2020/35 012.1 Referat frå sist møte

Referatet frå møte den 4. juni 2020 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare. Referatet er lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkje.

Soknepresten viste til at soknerådet hadde bede om forklaring på kva ei strikkegudsteneste var. Det er snakk om kveldsgudstenester i samarbeid med Kirkens Bymisjon. I samband med gudstenesta vert det lagt til rette for at deltagarane skal kunna strikke enkle plagg som huer og vottar som kan delast ut til dei som har behov for ei hjelpende hand. Det var noko ulikt syn på dette men dei fleste var positive.

Anne Marie Røed bad om at det vart ført i referat at ho stemte imot. Ein ynskte ikkje å ta stilling til spørsmålet på så kort varsel. Resten var positive til tiltaket.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 4. juni 2020.

Vedtak: Som innstilling

- Strikkegudsteneste.
Avstemming viste 7 stemmer for, 1 mot og ei blank.

Sak 2020/36 212 Tilsetjing av kyrkjegardsarbeidar / vaktmeister

Soknerådet sitt arbeidsutval har i tråd med drøftinga og vedtak i sak 2020/25 og etter vurdering av konsekvensar for framtidige budsjett, lyst ut 70% stilling som kyrkjegardsarbeidar / vaktmeister. Etter fullmakt gjennArbeidsutval får fullmakt til å gjennomføra utlysing og anna førebuing som må til før tilsetjing."

Stillingsa har vore lyst ut i Bladet Sunnhordland, på arbeidsplassen.nav.no, og på kyrkja si heimeside. Søknadsfristen vart sett til 10.09.2020. Det har komme inn ni søknader. Desse er i alfabetisk rekkefylgje:

Harriet Førdeidal, Tysnes
Tommy Hillestad, Fitjar
Rebekka Høgestøl, Tysnes
Basel Abo Kersha, Stord
Kjetil Hagevik Ragde, Fitjar
Sondre Skare, Stord (Porsgrunn)
Åsgeir Stautland
Marita Kartveit Svendsen, Stord
John Arve Viken, Fitjar

Tre av søkerane er invitert til intervju. Soknerådsleiaren, kyrkjeverja og soknepresten er med på intervjuet. Soknerådet sitt arbeidsutval kjem med tilråding til kven som bør tilsettast. Sidan behandlinga av saka er unntake innsyn etter offentleglova § 25, vil tilrådinga kun verta gjort kjend for dei som skal delta i møte. Meir informasjon om saka vert lagt fram i møte.

Framlegg til vedtak:

1. _____ vert tilsett som kyrkjegardsarbeidar / vaktmeister i 70% stilling i Fitjar sokn. Kyrkjeverja får fullmakt til å gjera avtale om løn og anna som måtte vedkomma arbeidsforholdet.
2. Dersom _____ ikkje tek imot stillinga får _____ tilbod om tilsetjing.

Drøfting: Soknerådet fekk grunngjeven innstilling frå Arbeidsutvalet. Denne er unntake offentleggjering. Soknerådet kom fram til at dei ynskte noko meir informasjon.

Vedtak: Saka vert utsett. Om nødvendig kan det haldast ekstra møte om tilsetjing når supplerande informasjon er innhenta.

Sak 2020/37 HC-parkering ved kyrkjegardshuset

Etter at fylkesveg 545 gjennom Fitjar sentrum vart fornøya har kyrkja mista mange parkeringsplassar langs vegen og kyrkjegardsmuren. Fleire treng sårt parkeringsplass nærmare kyrkjebygget og gravplassen. Nemd for uteareal har engasert Anne Britt Tornes til å teikna og berekna areal til parkeringsplassar og handicap-parkering mellom kyrkjegardshuset og Sjøsbrekko. Det er gjort høgdemålingar og det er undersøkt spørsmål om ansvarsrett og nabovarsel. Det er ønskeleg at soknerådet gjer eit vedtak om vidare arbeid med prosjektet. Skisser for prosjektet vert presentert i møtet.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet meiner det er viktig at det vert etablert tilrettelagt parkeringsplass nærmare kyrkjebygget. Nemd for uteareal vert oppmoda til å arbeida vidare med prosjektet.

Drøfting: Soknerådet stilte seg svært positive til det arbeidet nemnda hadde gjort. Planen som er lagt fram no omdisponerer areal som i dag er brukt til lager og parkeringsplass for maskinar og utstyr m.m. Nemnda orienterte om at ein hadde sett på alternative areal som kunne erstatte det ein no tek til parkering. Dette nye arealet bør utformast meir planmessig og estetisk. Gjerne ved å byggje eit vognskjul/garasje for å ta betre vare på maskinar og ting som ikkje bør oppbevarast i eit ope areal. Soknerådet støtta også dette arbeidet.

Vedtak: Som tilråding men det må også arbeidast vidare med planane for erstatningsareal som nemnda orienterte om. Planane for dette arealet må sjåast i samanheng med resten av planane for kyrkjegarden.

Det må også skaffast kostnadsoverslag og eventuelt framlegg til finansiering av begge prosjekta.

Sak 2020/38 Rekneskapsrapport 2. tertial 2020

Kyrkjeverje legg fram økonomirapport for 2. tertial 2020. Rapporten vert ettersendt.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek økonomirapporten til orientering.

Vedtak: Som innstilling

Sak 2020/39 Forslag kandidater til Frivilligprisen Sunnhordland prosti

Prostirådet minner om høve til å koma med framlegg til kandidatar til Frivilligprisen i 2020, frist 30.11.20. Prisen vert delt ut på Nyårsmottakinga i Nysæter kyrkje, som i 2021 vert sundag 3. januar kl. 14.30.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Drøfting: Det kom fleire framlegg men soknerådet samla seg til slutt om ein kandidat. Av naturlege årsaker vert dette namnet ikkje ført dette referatet.

Sak 2020/40 Mandat undervisningsutval

Etter vedtak i sak 2020/28 vart nemder og utval oppfordra til å senda soknerådet forslag til mandat for godkjenning. Det er undervisningsutvalet som no har sendt forslag til sitt mandat. Dokumentet vert ettersendt.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Soknerådet drøfta det mandatet som vart lagt fram i eige dokument. Det kom framlegg til nokre få endringar/tillegg.

Vedtak: Mandat for trusoppæringsutvalet vart vedteken med følgjande tillegg/endringar:
Nest siste kulepkt i dokumentet vert flytta opp som fyrste kulepkt.

Nye pkt.

- Soknerådet skal ha ein medlem i utvalet
- Kyrkjelydspedagog har det faglege ansvar for arbeidet i nemnda.

Sak 2020/41 Ope kyrkje allehelgen

Det har vore tradisjon i Fitjar å invitera pårørande til gudsteneste helgemessesøndag. Da har ein lest opp namn på dei som er gått bort det siste året, og ein har tent lys. I år vil det på grunn av Covid-19 vera vanskeleg å invitera til ei stor samling i Fitjar kyrkje. Fleire kyrkjelyder har tradisjon for ulike arrangement i dagane før allehelgen, og Kyrkjerådet har no sendt ei oppmøding til å ha ope kyrkje laurdag 31. oktober - 1. november. Sjå vedlagt rundskriv. Kan me invitera pårørande til ope kyrkje i staden for søndagens gudsteneste?

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Vedtak: Det vert lagt opp til open kyrkje i den tida folk pleier å besøkje kyrkjegarden for å tenne lys denne helga/laurdagen. Kyrkjekontoret planlegg detaljane for gjennomføring.
Sjølv om ein ikkje inviterer særskilt til gudstenesta denne søndagen så legg ein opp til markering med lyttenning som vanleg.

Sak 2020/42 Julekonserter 2020

Kantor i Fitjar har hatt ansvar for planlegging og gjennomføring av julekonsert for kor og korps i Fitjar kyrkje. Konsernen er ein fast tradisjon i førjulstida. Krav om smittevern vil gjera gjennomføring i år praktisk umogleg. Streaming av ein julekonsert vil fort koma i konflikt med åndverkslova.

Framlegg til vedtak:

Årets julekonsert for lokale kor og korps vert avlyst.

Drøfting: Soknerådet synes det er svært trist at dette tradisjonsrike arrangementet ikkje kan gjennomførast. Fleire alternativ vart vurdert, men ein måtte til slutt konkludere med at dette ikkje ville la seg gjennomføre.

Vedtak: Som innstilling.

Sak 2020/43 Gudstenester jula 2020

Soknepresten orienterer om saka i møtet.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Drøfting: Soknepresten orienterte om kor mange frammøtte det var desse gudstenestene dei siste åra. Med dagens restriksjonar vil det vera svært tidkrevjande for ikkje å sei praktisk umogeleg å gjennomføre. Fleire alternative løysingar vart drøfta utan at ein trekte konklusjon. Her må det mellom anna til eit samarbeid med kyrkjene i Stord for å unngå at folk søker til nabokommune.

Vedtak: Sokneprest og Kyrkjeverje vurderer saka i lys av smittesituasjon og det som er praktisk mogeleg å få til. Soknerådet har sterkt ønske om at det vert gjennomført ei eller annan form for gudsteneste desse dagane men, dette må vera smittefagleg forsvarleg.

Sak 2020/44 Meldingssaker

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Bemannning og opningstider kyrkjekontoret
2. Konfirmantarbeidet 2020/2021
3. Invitasjon til prostidagen for Sunnhordland
4. Brandøyhelg 16. - 18. oktober

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering.

Vetak: Som tilråding for pkt 1, 2 og 4. Når det gjeld pkt. 3 vil soknerådet av smittevernomsyn, ikkje møte på prostidagen. Av same grunn, vil heller ingen av dei tilsette møte.

Sak 2020/45 Open post

Ingen saker.